

Møtereferat

Dato: 16.08.2017

Emne:	Arbeidsgruppe Masfjordbrua. Referat frå møte 15.8.2017	
Til stades:	Håkon Matre (Masfjorden kommune) Karstein Totland (Masfjorden kommune) Sveinung Toft (Masfjorden kommune) Svein Helge Hofslundsengen (Masfjorden kommune) Helge Hopen (konsulent for Masfjorden kommune) Ola Klyve Dalland (ABO Plan&Arkitektur AS, konsulent for Masfjorden kommune) Hege Løtveit (SVV) Sindre Lillebø (SVV) Thorbjørn Aarethun (HFK) Bjørn Inge Midtgård (HFK)	
Forfall:	Kristian Bauge (SVV)	Sak: 2014/23741-8
Møtetid:	09.00 – 10.30	Møtestad: Fylkeshuset, rom 826.

Møteleiar: Thorbjørn Aarethun

Referent: Bjørn Inge Midtgård

Kontakt med departementa

SD har stadfesta at Masfjordbrua kjem inn under ordninga med ferjeavløysingsmidlar. KMD kjem ikkje med eit overslag på kor mykje sambandet Masfjordnes – Duesund kan utløysa i årlege nettoferjeavløysingsmidlar før etter 21. august: KMD i mail frå 9.8.2017: «Vi ventar framleis på Motiv-tal frå Vegdirektoratet for å gjere utrekningane. Når vi får tala kan vi svare i løpet av kort tid. Direktoratet har varsla at dei vil ha tala klare ein gong etter 21 august.»

Kvalitetssikring

Thorbjørn Aarethun orienterte om at HFK har ranmeavtale med Atkins for ekstern kvalitetssikring. Atkins har kapasitet no i haust til å gjennomføra KS2 for prosjektet. Atkins treng tilgang til styringsdokument for prosjektet. Statens vegvesen utarbeider grunnlaget for KS2. Dette sender Statens vegvesen til fylkeskommunen som så sender det til Atkins.

Reguleringsplanarbeidet, v/Masfjorden kommune

Ola Klyve Dalland orienterte om arbeidet med reguleringsplanen for Masfjordbrua. Kjerneboringar vert no utført, det skal utarbeidast ein vindrapport og ein vil innhenta førehandsuttale frå Kystverket i forhold til siglingshøgde og siglingslei. På Sandnes- sida arbeider ein no med linjeføringa gjennom sentrum – trase, gang/sykkel og kantstopp. Hege Løtveit orienterte om at SVV vil gjera anslag på prosjektet 7. og 8. september. Det er planlagt 2, gongs handsaming av reguleringsplanen i november/desember – sjå vedlagde framdriftsplan.

Skisse bompengesøknad

Kristian Bauge har utarbeida ei skisse til bompengesøknad. Det må særleg arbeidast vidare med trafikkgrunnlaget i søknaden – kor høg ÅDT er det rimeleg å forventa etter bruopning? Bør bompengerperioden utvidast frå 15 til 20 år? Takst på 100 kr. ein veg for liten bil kan vera eit aktuelt takstnivå. Det er ikkje aktuelt med førehandsinnkreving. Kor stort bompengelån vil ein slik takst kunna finansiera? Statens vegvesen skal ferdigstillast trafikkberrekningane før dei kontaktar Helge Hopen for å drøfta (evt.) forskjellar i trafikkberrekningane og om korleis dette skal handterast, både i plan og i bompengesøknad. Når nettoferjeavløysingstilskottet ligg føre – kor stort lån vil dette tilskottet kunna betjena - kva rente er aktuelt å rekna med her?

Vidare arbeid/framdrift

Ein gjennomarbeida bompengesøknad må liggja føre til neste møte. Neste møte er sett til 13. september kl. 13.00, Fylkeshuset, møterom 826.

Vedlegg:

1. Framdriftsplan.